



DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/179-

11.02.14

### Svar på førespurnad om møte

Vi viser til brev datert 2. januar der de ber om eit møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet. Spørsmåla de viser til i brevet, dreier seg om finansiering av investeringar i skolebygg og auka tilskott til drift av landslina ved skolen.

Finansiering av investeringar i skolebygg er eit fylkeskommunalt ansvar, det gjeld også for landslinene. Kunnskapsdepartementet kan derfor ikkje medverke til å finansiere bygningsmessige investeringar ved Sogn jord- og hagebruksskule. Det ligg vidare ikkje føre planar om å endre satsane til drift av landsliner.

Dei landbrukspolitiske måla de viser til er ansvarsområdet til Landbruks- og matdepartementet. Politisk leiing i Kunnskapsdepartementet har på denne bakgrunn ikkje høve til eit møte om denne saka.

Med helsing

Ann Helen Elgsæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Bodil Hafsås  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi: Landbruks- og matdepartementet